
Saksnr: 2021/16409-1
Saksbehandlar: Eli Marita Vik Næss

Saksgang

Utval	Utv. saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		27.04.2021

Utllysning av driftskontrakt 4608 Sogn

Forslag til vedtak:

1. Driftskontrakt 4608 Sogn vert lyst ut for fem år med driftsoppstart 1.september 2022 og varighet til 31.august 2027. Kontrakten kan forlengast med 3 år fram til 2030, med eitt års opsjon.
2. Dagens drifts- og vedlikehaldsstandard vert lagt til grunn.
3. Fylkesdirektøren må koma attende med eiga sak dersom det blir aktuelt å ikkje lenger ha kolonnekøyring på fv. 50 Aurland - Hol.

Samandrag

Driftskontrakt for drift- og vedlikehald av fylkesveggar i Sogn vert lyst ut med driftsoppstart 1. september 2022.

Driftskontrakten erstattar gjeldande driftskontraktar 1401 Indre Sogn og 1402 Midtre Sogn som går ut.

Dagens drifts- og vedlikehaldsstandard vert vidareført.

Dina Lefdal
fylkesdirektør

Eivind Yttri
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er planlagt å lyse ut ny driftskontrakt for veg, kalla 4608 Sogn, vinteren 2021/2022 med oppstart 1. september 2022. Driftskontrakt 4608 Sogn vert lyst ut med ein driftsperiode på fem år frå 1. september 2022, til 31. august 2027. Det vert lagt opp til mogeleg forlenging til 2030 dersom partane vert samde om det, samt opsjon på eitt år.

Driftsperiode

Gjeldande driftskontraktar 1401 Indre Sogn og 1402 Midtre Sogn går ut 31. august 2022. Driftskontrakt 1401 Indre Sogn starta 1. september 2014 med ei driftsperiode på fem år til 31. august 2019. Denne kontrakten kunne forlengast i tre år, noko som vart gjort, og ny avslutting vart sett til 31. august 2022. Driftskontrakt 1402 Midtre Sogn hadde driftsperiode på fem år frå 1. september 2016 til 31. august 2021, men opsjon på eitt år vart nytta og ny avslutting av kontrakt vart sett til 31. august 2022.


Det er planlagt å lyse ut driftskontrakt 4608 Sogn frå 1. september 2022, med ein periode på fem år, frå 2022 til 2027. Det vert lagt opp til mogeleg forlenging til 2030 dersom partane vert samde om det, samt opsjon på eitt år.

Driftsområde

Ny driftskontrakt 4608 Sogn vil omfatta kommunane:

- Sogndal
- Lærdal
- Årdal
- Aurland
- Luster
- Vik
- Deler av Hol og Vang

Kart over området



Omfang

Sidan begge kontraktane 1401 Indre Sogn og 1402 Midtre Sogn går ut samtidig i 2022 og riksvegar går ut av driftskontraktane, har vi valt å slå saman desse kontraktane til ein driftskontrakt. Dersom vi skulle delt området i fleire mindre vil krevje større administrative ressursar enn det vi har tilgjengeleg. Mykje byggherren si oppfølging av kontrakt går på godt samarbeid, seriøs oppfølging/kontroll og byggjemøte. Bemanning pr. kontrakt må derfor minimum vere 1 byggjeleiar og 1 kontrollingeniør uansett storleik. Skal vi få til ei god oppfølging av kontraktskrava, HMS og ikkje minst miljøkrav, krev det at kvar kontrakt har denne bemanninga frå vår side.

Kontrakten vil omfatte drift- og vedlikehaldsoppgåver, fylkesvegar og fylkes g/s-vegar med tilhøyrande sideareal, utstyr og installasjonar.

Vegnettet blir om lag 624 km fylkesveg og 40 km gang- og sykkelveg.

Generelt om driftskontraktar

Driftskontraktane omfattar i hovudtrekk:

- Drift av drencsystem for å sikre frie vassvegar
- Lapping og reparasjon av lokale skadar i asfaltdekke
- Drift/vedlikehald av murar, støyskjermer, stabilitetssikring, kantstein, gjerde, rekkverk, skilt og anna vegutstyr; rasteplassar, leskur etc.
- Drift av grøntareal og skråningar
- Reinhold
- Inspeksjon, reinhold og reinsk av tunnelar
- Trafikkberedskap
- Inspeksjon, reingjering og enklare vedlikehald av bruer og kaiar
- Vinterdrift

Driftskontraktane inneheld ikkje desse oppgåvene:

- Dekkefornyning
- Oppmerking
- Drift av vegljøs
- Vedlikehald av trafikksignalanlegg og andre trafikkstyrings- og overvakingssystem
- Større vedlikehaldsarbeid på t.d. drenc- og avløpsanlegg, tunnelar, murar, bruer og kaiar.
- Investeringsoppgåver
- Drift av tunnelar

Vedlikehald av tunnelar har tidlegare lege til driftskontrakta, men Vestland fylkeskommune vel å ta desse ut av driftskontraktane for å etablere eit samla fagmiljø for arbeid som skal utførast i tunnel. I eit fylke med mange tunnelar ser vi det som naudsynt å samle fagkunnskap på tunnelar i ei eiga eining, og lyse ut eigne vedlikehaldskontraktar for tunnel.

Driftskontraktane har framleis beredskap for tunnel og ansvar for vegbana gjennom tunnelen.

Standard som er lagt til grunn

I driftskontrakten blir det lagt til grunn standard som går fram av Handbok R610 Standard for drift og vedlikehald av riksvegar. Dette er same standard som vart lagt til grunn då Statens vegvesen lyste ut driftskontraktar på vegne av fylkeskommunane gjennom sams vegadministrasjon, og som ligg til grunn for gjeldande kontrakt.

Operativ standard vert bestemt ut frå kor viktig vegen er, trafikk, klima og miljø.

Vi kjem til å nytte Statens vegvesen sin kontraktsmal og handbok R610 for denne kontrakten.

Det at vi no får fylkesvegane over på eigne kontraktar vil medføre betre kontroll med utført arbeid etter kontrakt og enklare økonomioppfølging. Det er krevjande å følgje opp spesielt økonomien i kontrakten når vi ikkje har en daglege kontraktsoppfølginga.

Utfordringar på vegnettet

Fjellovergangar og vinterdrift

Det er fire høg fjellsstrekningar i kontrakten, fv. 50 Aurland - Hol, fv. 53 Årdal - Tyin, fv. 55 Sognefjellet og fv. 5627 Aurlandsfjellet. Dei to sistnemnde er vinterstengde. Utfordringane med drift

av dei heilårsopne fjellovergangane er vêr og vind. I tillegg er begge fjellovergangane skredutsette, og begge har bratte stigningar frå vestsida som kan skape problem. Fv. 50 Aurland - Hol har til saman 17,5 km med tunnel av ein svært dårleg standard som kan skape alvorlege situasjonar for brøytebilar med utstyr.

Vi har i dag kolonnekøyring i uværsperiodar på fv. 50 Aurland - Hol. Fylkesdirektøren vil vurdere om vi skal halde fram med dette, eller om det er eit innsparingspotensiale i å kutte dette. Før det vert lagt fram eiga sak om dette, vil administrasjonen sjå på omfanget med kolonnekøyring på strekninga, saman med trafikken dei aktuelle dagane og kostnader med slik beredskap. Kommunane Aurland og Hol skal få uttale seg før sak vert lagt fram.

Skred og flaum

Mange av fylkesvegane i Sogn er svært utsette for skred og flaum. Dette medfører utfordringar for innbyggjarane og store kostnader ved opprydding og sikring etter hendingar. Fleire av vegane har heller ikkje omkøyringsmoglegheter.

Drenering

Skal vegen ha ein god funksjonalitet er det viktig med ei god og tilstrekkeleg drenering. Med drenering meinast grøfter langs veg og stikkrenner gjennom veg. I dette kontraktsområdet har det ikkje vore tildelt nok midlar til å fornye dreneringa. Ei varsla auke av nedbør i åra framover langs bratte fjell og store nedbørsfelt vil skape store problem for oss dersom ikkje dreneringa er dimensjonert til å ta i mot dette. Det er eit stort behov for grøfting langs fylkesvegane i Sogn og oppdimensjonering av stikkrenner gjennom vegen. Skal vi gjere noko med dette problemet, så vil dette medføre store kostnader. Med dei midlane som er tilgjengelege må vi prioritere å holde vegen slik den er i dag.

Dekketilstand

Vi brukar mykje tid og ressursar på lapping og midlertidige reparasjonar av asfaltdekket i heile kontraktsområdet. Her burde vi tenkt langsiktig med samtidig oppgradering av drenering og nytt dekke. Dette vil gje stor innsparing på lang sikt, men er dyrt på kort sikt.

Rekkverk

Ein stor del av rekkverket på fylkesvegane i Sogn er av ein dårleg standard.

Skredsikringsanlegg, drift og nyetablering

Vi har no 31 fanggjerdje i kontraktsområdet, og i løpet av dei neste to åra er dette talet oppe i over 50 stk. Eit fanggjerdje blir sett der det er mykje nedfall av stein for at desse ikkje skal treffe vegbana. Kvart år må desse fanggjerda reinskast for nedfall, og eventuelle skadar må utbetrast. Med så mange fanggjerdje blir det store summer kvart år for å drifte- og vedlikehalde desse. Vi har rekna dette til ca. 3 mill.kr pr. år. Blir dette ikkje teke omsyn til ved tildeling av midlar vil vi ha lite att til anna vedlikehald på vegnettet.

Skredutsette strekningar

Innanfor kontraktsområdet 4608 Sogn er det mange skredutsette strekningar, og det er ikkje mogeleg å sikre heile vegnettet for slike hendingar. Vi ser at med meir ustabile vintrar med veksling mellom kulde og mildare ver aukar hyppigheita av slike hendingar. Vi kan derfor forvente fleire stengingar grunna skred, og større kostnader til sikring og opprydding i åra framover.

Verneområde

Fv. 5623 Bakkavegen ligg innanfor Nærøyfjorden verdsarvområde. Dette er ein veg med mange skredhendingar, spesielt ved store nedbørsmengder. Massar som kjem ned må transporterast til deponi utanfor verdsarvområdet. Skilting, sikring, skogrydding mm. må søkjast om til verdsarvstyre, og alt dette skapar ekstra kostnader med drift av denne vegen.

Avtalar med kommunar

I kontraktsområdet har det vore avtalar med kommunane om drift av fylkesvegar, og denne ordninga ser vi på som føremålstenleg å vidareføre for å få ei meir rasjonell drift. Dette gjeld Sogndal, Lærdal og Årdal kommunar. Vi har og samarbeid med Innlandet fylkeskommune når det gjeld Sognefjellet, og Viken fylkeskommune når det gjeld fv. 50 Hol - Aurland.

Vedtakskompetanse

Denne saka skal avgjerast av Hovudutval for samferdsel og mobilitet, i samsvar med Reglement for folkevalde organ og delegering av oktober 2020.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Når vi legg saman kontraktssummane for fylkesveggar i dei to kontraktane 1401 Indre Sogn og 1402 Midtre Sogn kjem vi på om lag 287 mill. kr for ein femårsperiode. Når vi no har valt å trekkje ut vedlikehald av tunnel i eiga kontrakt og grensejustering mot 4607 Sunnfjord sør, vil dette medføre ein reduksjon av kontraktssummen.

Grensejusteringa mot 4607 Sunnfjord sør medfører at fylkesveggar i Høyanger og over Gaularfjellet går frå kontrakt 1402 Midtre Sogn til kontrakt 4607 Sunnfjord sør.

Det som vil bidra til ein auke av kontraktssummen er lønns- og prisstiging, strengare miljøkrav, fleire objekt som kjem inn og strengare oppfølging av kontrakten frå vår side.

Det å stille strenge miljøkrav til utslepp frå maskiner betyr at entreprenøren må investere i ny maskinpark, noko som fort kan medføre ein kostnad på 30 - 40 mill. kr. Dei siste åra er det oppført mange rassikringsanlegg i kontraktssområdet og ein del nye er under planlegging dei neste åra. Desse anlegga medfører auka kostnader med reinsk og vedlikehald kvart år.

Med utgangspunkt i kostnadane på fylkesveggar i noverande kontraktar 1401 Indre Sogn og 1402 Midtre Sogn, med grensejusteringar, løns- og prisstigning, nye krav spesielt på miljø, etterslep og nye objekt som er kome inn, vurderer vi at vi kan få ein kostnadsauke i ny kontrakt.

Klima:

Entreprenørane nyttar store feiebililar med spesialutstyr for å koste vegbana fri for støv, salt og sand. Skyljevatnet blir handsama som spesialavfall, og slamavfall skal leverast på godkjent deponi. Dette vert gjennomført i hovudsak om våren for å rydde etter vinterdrifta. Feiinga reduserer miljøpåverknadene av vinterdrifta og forlengjer levetida til grøfter og stikkrenner. Dette betyr at finkorna sand frå strøsandene som kan utvikle seg til svevestøv vert feia opp, samt all anna forureining som kjem fram under snøsmelting. Vert ikkje dette samla opp hamnar det til slutt i grøfter, kummar og røyr og skapar problem med å holde opne dreningar langs vegen, som igjen kan skape store skadar på vegen.

Vi vil vurdere intervallfeiing i tettbygde strøk, då det er stort fokus på svevestøv og klima, samt at vi ynskjer eit reinhald av vegane våre som er føreseieleg. Intervallfeiing vil sei at det vil bli utført feiing utanom vårfeiinga. Feiing vil bli utført i ulike intervall, f.eks. med 1 månaders eller 2 månaders intervall ut frå behov. I enkelte sentrumsområde kan det bli feiing kvar veke.

Innføring av intervallfeiing vil truleg medføre noko auka driftskostnader.

Konklusjon

Driftskontrakt 4608 Sogn vil bli lyst ut på anbod hausten 2021 med oppstart 1. september 2022 med ein periode på fem år, fram til 2027, med mogleg gjensidig forlenging til 2030. Kontrakten kan lengast med eitt års opsjon.

Kontrakten vil verte lyst ut med driftsstandard i samsvar med Handbok R610 Standard for drift og vedlikehald av riksveger, som er ei vidareføring av driftsstandarden i dagens kontrakt.

Fylkesdirektøren reknar med at den nye kontrakten får høgre kostnader enn gjeldande driftskontrakt.